

Bite my shiny metal ass

Nina Bang Larsen

Kunstmuseet Nord-Trøndelag

06.09.14-09.11.14

I ei overflod av forkasta forbruksgjenstandar og tilsynelatande nyttelause tankar utforskar Nina Bang Larsen om ein kan blanda deler av dette saman til å bli noko meiningsfylt, eller om det berre forsterkar ei ibuande meiningsløyse. Samtidig vil ho stilla spørsmål ved kven det er som skal definera om det er det eine eller det andre.

Tittelen til utstillinga, *Bite my shiny metal ass*, er henta frå skulpturen *Bit metall*. Skulpturen er sett saman av eit lite kaffibord, ei fotoramme og eit utilsikta fotografi, der ein kan finna utstillingstittelen på ein plakat i bakgrunnen. Tilverkinga av skulpturen var så tilfeldig og tankelaus at kunstnaren sjølv hadde vanskar med å ta den på alvor, men likevel finn ho den meir interessant enn alle dei andre. Vil tankelaus tilverking tilsvare eit meiningslaust resultat? Eller er det derimot meiningsopent?

Bang Larsen leikar med velkjende materiale og situasjonar i arbeida sine. Ein stad i møte mellom dei funne objekta og eigne idear oppstår det surrealistiske historier ho sjølv ikkje kjenner særleg kontroll over. Medan ho arbeider let ho seg riva med av tilfeldighetar og intuisjon, materiala er med på å bestemma vegen og samarbeidet blir forvirra og komisk. Dei let seg distrahera av digresjonar og innfall, rotar seg vekk og når aldri fram til ein konklusjon.

Fleire av arbeida hennar har noko påståeleg over seg, samtidig som dei er unnvikande. Dei strevar etter å vera mystiske, men får dei det til? Kor langt kan ein strekka Alvoret før det går over til det latterlege og står i fare for å bli sårt og patetisk? Bang Larsen søker motsetningar i arbeida sine, slik at dei kan gnissa mot kvarandre og skapa ei spenning, ei indre konflikt.

Etter enda utdanning har Bang Larsen vore med i fleire gruppeutstillingar i både inn og utland, og har hatt ei rekke med separatutstillingar. Etter Namsos skal ho vidare med nye separatutstillingar i Prosjektrom Normanns i desember 2014 og Vestfold Kunstsenter i mai 2015.